MIDSUND KOMMUNE
Kontrollutvalet

# MØTEINNKALLING

25.09.2012

Kopi til: Ordføraren
Revisor
Rådmannen

Medlemane av
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I MIDSUND KONTROLLUTVAL**

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**onsdag, den 03.10.2012 kl. 16.30 på**
**Midsund kommunehus**

**SAKLISTE:**

| | | |
|---|---|---|
| Sak | 05/12 | - Godkjenning av møtebok frå møte 04.05.2012 |
| « | 06/12 | - Oppgåver for kontrollutvalet, oversikt over sakstyper - årshjul |
| « | 07/12 | - Vedkomande budsjett 2013 – Midsund kontrollutval |
| « | 08/12 | - Orientering om den økonomiske situasjonen i Midsund kommune |
| « | 09/12 | - Orientering om igangsett forvaltningsrevisjonsprosjekt innan vatn og avløp og slamtømming |
| « | 10/12 | - Drøfting av komande forvaltningsrevisjonsprosjekt og plan for forvaltningsrevisjon |
| | | Eventuelt |

Sakene 05/12, 06/12 og 09/12 stod oppført på møteinnkalling den 4. juli 2012. Dette møtet måtte utsetjast. Til sakene 09/12 og 10/12 ligg det ikkje føre saksdokument då dette er saker til informasjon og foreløpig drøfting.

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no.

Johan Oppen
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I**
**MIDSUND KOMMUNE**

# MØTEBOK

Møtedato: 4. mai 2012, kl. 13.30
Møtestad: Midsund Rådhus

Møtet vart leia av: Johan Oppen

Elles til stades:

Kåre Bjørnerem og Svanaug Lillebø Rakvåg = **3 voterande**

Frå Midsund kommune møtte rådmann Ketil Ugelvik og økonomisjef Anne Oterhals
Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Det var meldt inn ei sak under eventuelt.

## SAK 01/12
## GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 7. DESEMBER 2011

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 7. desember 2011 blir godkjent.

## SAK 02/12
## ÅRSMELDING 2011 – MIDSUND KOMMUNE

Innstilling datert 30.04.2012 frå kontrollutvalsekretariatet

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2011 for Midsund kommune til orientering.

**SAK 03/12**
**KOMMUNEREKNESKAPEN 2011 – MIDSUND KOMMUNE**
Innstilling datert 30.04.2012 frå kontrollutvalsekretariatet.

**Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:**

1. Midsund kommune sin rekneskap for 2011 blir godkjent.
2. Kontrollutvalet vil presisere at årsbudsjettet er bindande, jf kommunelova § 47 nr. 1.

**SAK 04/12**
**OPNE ELLER LUKKA MØTE I KONTROLLUTVALET** (Saka kom opp under eventuelt)

Saka vart drøfta i møtet.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet avventar eventuell lovendring.

| | | |
|---|---|---|
| Johan Oppen<br>leiar<br>(sign.) | Kåre Bjørner<br>medlem<br>(sign) | Svanaug Lillebø Rakvåg<br>medlem<br>(sign.) |

**SUNNMØRE**
**KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 26.06.2012

**SAK 06/12**
**OPPGÅVER FOR KONTROLLUTVALET, OVERSIKT OVER SAKSTYPAR, ÅRSHJUL – ORIENTERINGSSAK**

## 1. Innleiing

Ordninga med at kommunar vart pliktig til å oppnemne eigne kontrollutval, vart innført med kommunelova i 1992 (lov 25.september 1992 nr 107 om kommuner og fylkeskommuner). Tidlegare hadde denne funksjonen med tilsyn og kontroll med kommunane vore plassert hjå formannskapet og eksterne organ, som fylkesmannen. Sistnemnte har, slik som andre eksterne kontrollorgan har framleis ein del kontroll- og tilsynsoppgåver med kommunane, men ikkje i same omfang som tidlegare.

Det vart i samband med forarbeida til kommunelova (Ot.prp. nr. 42 (1991-1992)) lagt betydeleg vekt på kontrollfunksjonen som kontrollutvalet skulle ha. Føresetnadene var på den eine sida at kommunestyret/fylkestinget skal trekkje opp meir overordna og langsiktige retningsliner for den kommunale/fylkeskommunale verksemda, samt at dei på den andre sida skal kontrollere at desse vert følgt opp i praksis.

Ved lovendringa i 2003 var hovudfokuset på at kontrollutvalet skulle få ein meir aktiv og uavhengig rolle overfor kommunen samt dei som var ansvarlig for revisjon av kommunens verksemd. Ved lovendringa vart det eit nytt kapittel 12 som omhandlar internt tilsyn og kontroll, samt revisjon. Kapitlet erstatta den tidlegare § 60.

Hovudsiktemålet for kontrollutvalet sitt arbeid er gjennom sitt løpende tilsyn og etterfølgjande kontroll med kommunal verksemd, i størst mogleg grad å vere med på å sikre at kommunens verksemd er i tråd med gjeldande lover og regelverk, samt skape tillit til den kommunale forvaltninga av fellesskapets ressursar på vegne av kommunens innbyggarar.

## 2. Avgrensing

I det vidare ønskjar ein i hovudsak å framstille ei oversikt over saksbehandlinga i kontrollutvalet, herunder ei oversikt over saker fordelt på tre hovudkategoriar: Saker kontrollutvalet skal behandle, saker kontrollutvalet bør behandle, samt saker som elles kan takast opp til behandling. Ein vil samstundes prøve å lage ein oversikt over saker som blir behandla kvart kalenderår samt saksbehandlinga av desse, med tillegg av saker som elles kan komme opp og der det finst vedtekne prosedyrar for saksbehandlinga.

**3. Heimelsgrunnlag**
Kontrollutvalet si saksbehandling er heimla i kommunelova §§ 77, 78 og 80 samt i forskrift av 15. juni 2004 nr. 905 om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner (kontrollutvalgsforskriften) og forskrift 15. juni 2004 nr. 904 om revisjon i kommuner og fylkeskommuner mv. (revisjonsforskrifta)

**4. Saker til behandling i kontrollutvalet**
**4.1 Saker som skal behandlast i kontrollutvalet**
**4.1.1. Rekneskapsrevisjon**

4.1.1.1 Årsrekneskap
Det følgjer av kommunelova § 77 nr 4 at "*kontrollutvalget skal påse at kommunens.. regnskaper blir revidert på en betryggende måte.*" Med rekneskap må ein her forstå årsrekneskap. Kva årsrekneskap omfattar og skal innehalde, følgjer av kommunelova § 48.

I dei tilfella der kommunen har skilt ut delar av si verksemd i eigne føretak som kommunale føretak (KF), er kontrollutvalet pliktig til å behandle desse då dei ikkje er eigne rettssubjekt, men ein del av kommunen og saman med rekneskapen til kommunen avspeglar dei den samla verksemda i kommunal regi.

4.1.1.2 Årsmeldingar
Det følgjer av koml § 48 nr 1 at årsmelding skal føreligge seinast samtidig med årsrekneskapen til kommunen eller dei kommunale føretaka. Årsmelding og årsrekneskap skal samla sett gi eit heilhetleg bilete av den samla verksemda i kommunen i det føregåande året. Dette gjeld og for kommunale føretak.

Herunder ligg og om ønskjeleg utarbeiding av årsmelding for kontrollutvalet. Sjølv om kontrollutvalet fortløpende rapporterer til kommunestyret om resultata av sitt arbeid, jf. koml § 77 nr 6, ser ein det som naturleg at utvalet også tek ei årleg oppsummering av saker som har vore oppe til behandling i utvalet.

4.1.1.3 Oppfølging av revisjonsmerknader
Det følgjer av kontrollutvalforskrifta § 8 ei plikt for kontrollutvalet å sjå til at eventuelle merknader eller forhold revisor har påpeikt i samband med årsrekneskapen blir følgt opp.

**4.1.2 Forvaltningsrevisjon**
4.1.2.1 Overordna plan for forvaltningsrevisjon
Koml § 77 nr. 4 andre punktum slår fast at kontrollutvalet skal "*påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak*". Vidare skal kontrollutvalet sjå til "*at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets vedtak og forutsetninger*" - forvaltningsrevisjon.

Det følgjer av kontrollutvalsforskrifta § 10 at det blir utarbeidd ein overordna plan for forvaltningsrevisjon minst ein gong i løpet av ei fireårsperiode og seinast innan utgongen av året etter at kommunestyret vart konstituert,

Kva ein forvaltningsrevisjon skal innehalde, følgjer av revisjonsforskrifta § 7.

4.1.2.3 Forvaltningsrevisjonsrapportar

So snart forvaltningsrevisjon er gjennomført, skal kontrollutvalet i samsvar til § 11 i forskrifta gi rapport til kommunestyret om resultata av denne. Dette samsvarer med revisjonsforskrifta § 8.

4.1.2.4 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyret sine vedtak i tilknyting til behandling av forvaltningsrevisjonsrapporter blir følgt opp, jf kontrollutvalsforskrifta § 12.
I denne samanhengen skal kontrollutvalet gi rapport til kommunestyret om korleis kommunestyrets merknader til forvaltningsrevisjonsrapporten har blitt følgt opp. Tidlegare saker som etter utvalet si meining ikkje er blitt følgt opp på ein tilfredsstillande måte, er kontrollutvalet pliktig til å rapportere.

Alle forvaltningsrevisjonsrapportar skal systematisk følgjast opp for å sjå til at forvaltninga iverkset tiltak for å rette opp påviste avvik.

Det er kommunens administrative leiing med rådmannen i spissen som har ansvar for oppfølginga av kommunestyrets merknader. I dette ligg at det er administrasjonen sjølv, ikkje kontrollutvalet, som kan fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik i det konkrete tilfellet.

**4.1.3 Selskapskontroll**

4.1.3.1 Plan for selskapskontroll

I samsvar med koml § 77 nr. 5 skal kontrollutvalet "*påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens interesser i selskaper m.m.*" Det er gitt ein eigen særbestemmelse om selskapskontroll i koml § 80.
Minst ein gong i løpet av ein fireårsperiode og seinast innan utgongen av året etter at kommunestyret er konstituert, skal kontrollutvalet utarbeide ei plan for gjennomføring av selskapskontroll, jf kontrollutvalsforskrifta § 13.
Herunder vil det gjerne følgje med ei liste over dei selskapa det er relevant å føreta selskapskontroll av på vegne av kommunestyret.

Kva ein slik selskapskontroll skal omfatte, følgjer av forskriftas § 14.

I tillegg til selskapskontroll, er det ikkje til hinder at det samtidig blir gjort ein forvaltningsrevisjon av det respektive selskapet. Det følgjer av forskrifta § 14 andre ledd.

Selskapskontrollen er som med forvaltningsrevisjon, ei bestilling kontrollutvalet gjer. Utføringa av denne kontrollen er det ofte hensiktsmessig å tillegge ansvarleg revisor.

I dei tilfella det kun er snakk om å få utført selskapskontroll, er det ikkje til hinder for at denne kan utførast av kontrollutvalets sekretariat.

4.1.3.3 Rapportering om selskapskontroll

Utført selskapskontroll skal rapporterast til kontrollutvalet. Utvalet avgjør sjølv korleis rapporteringa skal føregå, samt kva rapporten skal innehalde. Etter eit kontradiktorisk prinsipp, skal eit selskap som er omfatta av selskapskontroll og den som utøver kommunens eigarfunksjon, alltid gjevast høve til å gjeve uttrykk for sitt syn på dei forholda som er omtala i rapporten. Dette følgjer av forskrifta § 15.

#### 4.1.4 Revisjonsplan
Det følgjer av kontrollutvalsforskrifta § 9 at kommunens verksemd blir gjenstand for forvaltningsrevisjon. I dette ligg at det utarbeiding av revisjonsplan. Då også revisor er ansvarlig for planlegging, gjennomføring og rapportering av rekneskapsrevisjon for den enkelte kommune, jfr revisjonsforskrifta § 4, vil ein revisjonsplan også omhandle rekneskapsrevisjon. I dei tilfelle det skal gjennomførast selskapskontroll, bør også dette innarbeidast i planen.
Kontrollutvalet har ei "bestillarrolle" når det gjeld forvaltningsrevisjon. Utvalet er pliktig til å sjå til at revisjon blir gjennomført, men at oppdraget for sjølve gjennomføringa blir sett ut til revisjonen. Med tanke på den bestiller – utførar rolla mellom kontrollutvalet og revisjonen, ser ein det som ein naturleg konsekvens at revisjonen også utarbeider revisjonsplana (t.d. plan for forvaltningsrevisjon).

#### 4.1.5 Rapport frå revisjonen
Oppdragsansvarleg revisor skal rapportere tilbake til kontrollutvalet resultata av sin revisjon og kontroll. Denne rapporteringa kan med fordel gjerast halvårleg.

#### 4.1.6 Anna
4.1.6.1 Vurdering av revisors uavhengigheit
Den som utføre revisjon på vegne av kontrollutvalet, skal løpende vurdere si uavhengigheit. Det følgjer av revisjonsforskrifta § 15 at oppdragsansvarleg revisor kvart år, avgir ei skriftleg eigenvurdering av si uavhengigheit til kontrollutvalet.

4.1.6.2 Val av revisjonsordning
I dei tilfeller kor kommunen vurderer å tilsette eigne revisorar, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon (IKS), eller inngå avtale med anna revisor, skal kontrollutvalets innstilling i saka leggast til grunn. Det følgjer av koml § 78 nr 3, samt forskrifta § 16. Kontrollutvalet kan og av eige tiltak foreta ei slik utgreiing og avgi innstilling overfor kommunestyret. Utgreiing av revisjonsordninga kan utførast av kontrollutvalet sitt sekretariatet eller andre eksterne.

4.1.6.3 Val av revisor
Som med punktet ovanfor, skal val av revisor for kommunen skje på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvalet, jfr. koml § 78 nr 4. Kontrollutvalet kan av eige tiltak foreta utgreiing og leggje fram innstilling i saka. Denne saka må sjåast i samanheng med ovanståande punkt.

4.1.6.5 Budsjettbehandling
I sambande med den årlige budsjettbehandling, skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalets forslag til budsjettramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følgje formannskapets innstilling til kommunestyret. Det følgjer av kontrollutvalsforskrifta § 18. I revisjonsselskap organisert som IKS er det representantskapet som vedtek budsjettet, jf lov av 29.januar 1999 nr. 6 om interkommunale selskap § 18.

### 4.2 Saker som kontrollutvalet bør behandle

4.2.1 Oppfølging av politiske vedtak
I løpet av eit kalenderår vedtek kommunestyret mange saker av ulikt omfang. Det er kommunens administrasjon som skal effektuere desse vedtaka. Då kontrollutvalet utleiar sin kompetanse frå kommunestyret som øvste tilsynsorgan med den kommunale forvaltninga,

koml § 77 nr 1, jfr. § 76, og førestår det løpande tilsynet med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, fell det naturleg at utvalet også krev ei orientering og oversikt over saker som ikkje har blitt iverksatt frå administrasjonen si side. Ei ikkje iverksett avgjerd fatta av kommunestyret vil være å sjå på som i strid med kommunestyrets vedtak og føresetnader.

Kontrollutvalet bør da kunne krevje at administrasjonen legg fram ein oversikt over vedtak som heilt eller delvis ikkje er iverksett, samt ei begrunning frå administrasjonen for denne situasjonen. Kontrollutvalet kan kun krevje å få seg førelagt kva saker det er snakk om, kva saken gjeld og kva forhold som har vanskeleggjort gjennomføringa frå administrasjonen si side. Kompetansen inn i mot korleis administrasjonen vel å iverksette vedtak fatta i folkevalde organ, ligg til den administrative leiinga, med mindre det følgjer av lov eller i medhald av lov, eller kommunestyret har lagt føringar eller vedtekne retningsliner for korleis slike avgjerder skal iverksettast.

4.2.2 Skatterekneskap

Tidligare vart skatterekneskapen revidert av den lokale revisjonen som ga ei halvårleg revisjonsmelding til kommunen. Denne funksjonen vart 1. juli 2004 overført til Riksrevisjonen. Samtidig opphøyrde denne tilbakerapporteringa til kommunen. Etter denne dato blir det kun gitt ein årleg kontrollrapport som blir oversendt kommunen.

Kontrollrapporten gir kommunen tilbakemelding på om skatteoppkrevjarfunksjonen i kommunen blir utført på ein tilfredsstillande måte. Rapporten inneheld og eventuelle forslag til tiltak og forbetringspunkt. Skattedirektoratet stiller ingen krav til formell behandling av kontrollrapporten i kommunestyret/kontrollutvalet, men føreset at kommunen følgjer opp eventuelle tiltak og forbetringar. Vidare blir det frå Skattedirektoratets side forventa at skatteoppkrevjaren oversender skatterekneskapen og kopi av dokumentet til kommunestyret/kontrollutvalet.

4.2.3 Retningsliner for selskapskontroll

Det følgjer av kontrollutvalforskrifta § 14 kva ein selskapskontroll skal innehalde. Sjølve gjennomføringa av selskapskontroll er ikkje regulert i revisjonsforskrifta. Av den grunn bør kontrollutvalet utarbeide eigne retningsliner for korleis selskapskontroll skal gjennomførast som eit tillegg til forskrifta § 14. Dette kan kome inn i planen for selskapskontroll.

### 4.3 Saker som elles kan bli behandla i kontrollutvalet

4.3.1 Rekneskapsrapportar

I samsvar med budsjettforskriftene skal det leggast fram regnskapsrapportering minst to gongar pr. år utanom årsrekneskapen for kommunestyret. Desse rapportane bør også bli behandla i kontrollutvalet. Kontrollutvalet har ansvar for å sjå til at årsrekneskapen blir lagt fram i tråd med gjeldande regelverk.

4.3.3 Referat og orienteringar

Kontrollutvalet bør få ei tilbakemelding om saker som har vore behandla i dei ulike folkevalde organa i kommunen. Spesielt gjelder det saker kor kontrollutvalet har gitt si fråsegn eller kor saka er utarbeidd med innstilling frå kontrollutvalet.
Andre relevante saker kan vere tilbakemelding frå møte kor leiar og eventuelt nestleiar i utvalet har vore med.

4.3.4 Gjennomgang av møtebøker

Kontrollutvalet skal foreta eit løpande tilsyn med den kommunale forvaltninga. Av den grunn kan det vere praktisk å føreta ein gjennomgang av møtebøker for dei andre folkevalde organa i kommunen. Dette for å sikre at vedtaka er i tråd med formell kompetanse som er gitt desse i samsvar med gjeldande delegeringsreglement, samt lover og forskrifter og sjå til at saksbehandlinga er i tråd med gjeldande regelverk. I hovudsak skal beslutningsprosessane vere i tråd med forvaltningslova, offentleglova og kommunelova sine eigne bestemmelsar. For det tredje gjeld det å sjå til at dei vedtak som er fatta innhaldsmessig ikkje strir mot gjeldande lov og regelverk.

4.3.5 Møteplan for kontrollutvalet

Kontrollutvalet kan sjølv bestemme seg for om og eventuelt når møte skal fastsettast. Legg ein til grunn dei tidsfristane som gjeld for behandlinga av ulike sakstypar, kan ein ut i frå desse kunne sette opp ein møteplan for kontrollutvalet si verksemd. Dei opplysningane som kjem fram i punkt 5 om tidsfristar for behandling samanhalde med utkast til årshjul, gir kontrollutvalet ein forholdsvis klar oversikt med tanke på kva for saker ein kan forvente å behandle i dei forskjellige møta.

4.3.6 Reglement for kontrollutvalet

Kommunelova § 77 og kontrollutvalsforskrifta kapittel 8 §§ 19 og 20 omhandlar saksbehandling i kontrollutvalet, samt sekretariatet si rolle. Bestemmelsane er ikkje til hinder for at det enkelte kontrollutval kan vedta eigne reglement som utfyller forskrifta. Herunder kan ein avklare

- fullmaktsforhold,
- saksbehandlinga,
- utvalet si samansetting/representasjon i kommunestyret,
- åpne eller lukka møter,
- forholdet KU/sekretariat
- forholdet KU/revisjon, samt
- forholdet sekretariat/revisjon

4.3.7 Sentrale styringsverktøy i kommunen

Samtlege kommunar er meir eller mindre pålagt å utarbeide sentrale styringsverktøy for den kommunale verksemda innanfor dei ulike forvaltningsområda.

Det kan vere:

- **Økonomireglement**
- **Delegeringsreglement**
- **Personalhandbok**
- **Reglement for godtgjersle og erstatning for tapt arbeidsinntekt til folkevalde**

Oppgåva for kontrollutvalet blir å sjå til at desse reglementa er i samsvar med gjeldande lover og regelverk. I samband med revidering og endringar, kan kontrollutvalet komme med eigne fråsegner, slik at dei for ettertida framleis ikkje strir mot anna regelverk som den kommunale forvaltning må forhalde seg til.

4.3.8 Krav til god forvaltningsskikk

Nokre gonger kan det komme enkeltsaker som ikkje er behandla i tråd med gjeldande regelverk. Krav til god forvaltningsskikk er ein ulovfestet rettsleg standard som i den seinare tid i stor grad har blitt lovfesta gjennom ulike prinsipp. Krav til god forvaltningskikk skal føreligge ved sjølve sakshandsaminga.

**5. Tidsfristar for behandlinga**
Lover og regelverk samt sentrale styringsverktøy i kommunen fastset spesifikke fristar for når behandlinga av dei ulike sakene skal skje i folkevalde organ. Under følgjer ei oversikt over saker samt når dei skal vere framlagt for behandling.

***Årsmelding /årsrekneskap*** skal bli behandla samtidig og innan 1. juli forskrift av 15. desember 2000 nr. 1424 om årsregnskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner) § 10 )

***Revisjonsmelding*** skal bli levert av oppdragsansvarleg revisor utan unødig opphald etter at årsrekneskapen er avlagt og seinast 15. april (jf revisjonsforskrifta § 5) Det følgjer vidare at revisjonsmelding skal bli levert også der årsrekneskap ikkje føreligg eller er ufullstendig.

***Regnskapsrapportane*** skal behandlast tertialsvis i kommunestyret
- Regnskapsrapport 1.tertial (pr 30.april) politisk behandling i juni
- Regnskapsrapport 2.tertial (pr 30.august) politisk behandling i oktober

Ved investeringsprosjekt kan det vere krav om avlegging av ***sluttrekneskap*** til politisk behandling.

***Plan for forvaltningsrevisjon*** skal rullerast innan ein 4 årsperiode og seinast ved utgangen av året etter at kommunestyret har konstituert seg (jf kontrollutvalsforskrifta § 10)

***Plan for selskapskontroll*** skal rullerast innan ein 4 årsperiode og seinast ved utgongen av året etter at kommunestyret vart konstituert (jf kontrollutvalsforskrifta § 13)

***Oppfølging av politiske vedtak***
For at saka skal vere aktuell, bør ho vere framlagt tidleg på året og seinast samstundes med handsaminga av årsrekneskapen for kommunen, dvs innan 1. juli. Dermed vil saka være med på å skape eit heilheitleg bilete av kommunen si verksemd i det føregåande året.

**6. Rapportering til kommunestyret**
Mesteparten av dei sakene som det er gitt oversikt over ovanfor, skal rapporterast vidare til kommunestyret. I dei tilfeller bør saka/sakene vere førelagt kontrollutvalet i god tid og seinast 2 veker før handsaming skal skje i kommunestyret.

I dei saker kontrollutvalet ikkje pliktar å leggje fram saka for kommunestyret i lov eller medhald av lov, vil saka som hovudregel bli sett på som avgjort i kontrollutvalet.
I dei tilfelle ligg det til kontrollutvalet sjølv å vurdere kva dei ynskjer å orientere kommunestyret om.

**7. Kontrollutvalet sin innstillingsrett**
Som hovudregel er kontrollutvalets innstillingsrett ovanfor kommunestyret eksklusiv. Det inneber at det er kun utvalet som legg fram saka. Kommunens administrasjon skal i samsvar med koml § 77 nr. 6 andre punktum allereie ha fått høve til å få uttalt seg i saka.

Unntaka er i hovudsak innstilling i samband med årsmelding/årsrekneskap for kommunen og kommunale føretak (KF). Her vil kontrollutvalet kun komme med ei fråsegn som vert lagt ved

rekneskapen. Det følgjer av kontrollutvalsforskrifta § 7. Denne fråsegna vil i hovudsak basere seg på revisjonsmeldinga gitt av oppdragsansvarleg revisor

På bakgrunn av ovenståande blir saka lagt fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE**
**KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 25.09.2012

**SAK 07/12**
**VEDKOMAND BUDSJETT 2013 - MIDSUND KONTROLLUTVAL**

I medhald av § 18 i forskrift om kontrollutval skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjettramme for kontroll- og revisjonsarbeidet i kommunen skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Ettersom kommunen sitt kontrollutvalsekretariat og kommunerevisjonen er interkommunale selskap der selskapa sine budsjett blir vedteke av selskapa sine respektive representantskap, vil utgiftene i denne saka berre omfatte Midsund kontrollutval sine lokale utgifter. Desse utgiftene bør saman med dei utgiftene som er nemnt ovanfor leggast i det samla budsjettet for kommunen sitt kontroll- og tilsynsarbeid.

Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste til kontrollutvalet vil vere ein del av kommunen si godtgjersle til folkevalde. Desse utgiftene bygg på satsar vedtekne i Midsund kommune. Dette budsjettoppsettet vil dermed omfatte kurs, opplæringsutgifter og reiseutgifter.

Kursaktiviteten er moderat. Den viktigaste samlinga er den årlege kontrollutvalkonferansen. I tillegg kan det bli andre samlingar. Særleg kontrollutvalkonferansen er av ein slik kvalitet og har ein so stor informasjonsverdi at heile utvalet bør delta.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Budsjettet for kontrollutvalet si opplærings- og reiseaktivitet blir sett til 30.000 kroner.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE**
**KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 25.09.2012

## SAK 08/12
## ORIENTERING OM DEN ØKONOMISKE SITUASJONEN I MIDSUND KOMMUNE

Som vedlegg følgjer:

- Tertialrapport nr. 1 2012

Det går fram av budsjettforskriftene at:
«Administrasjonssjefen, eventuelt kommune- eller fylkesrådet, skal gjennom budsjettåret legge fram rapporter for kommunestyret eller fylkestinget som viser utviklingen i inntekter og innbetalingar og utgifter og utbetalingar i henhold ti det vedtatte årsbudsjett. Dersom administrasjonssjefen eller kommune- eller fylkesrådet finner rimelig grunn til å annta at det kan oppstå nevneverdige avvik i forhold til vedtatt eller regulert årsbudsjett, skal det i rapportene til kommunenstyret eller fylkestinget foreslås nødvendige tiltak»

Av kommentarane til § 10 går det fram at det skal skje rapportering til kommunestyret om den faktiske utviklinga i inntekter og utgifter sett i forhold til dei inntektene og utgiftene som er ført opp i årsbudsjettet. Rapporteringa skal skje med jamne mellomrom og minimum to gongar i året. Ved tilstrekkelege avvik skal det settast i verk tiltak. Med tiltak blir det meint ikkje berre justeringar av dei oppførte inntektene og løyvingane som er nødvendige for å sikre/oppretthalde kravet om balanse i årsbudsjettet, men også mulige tiltak innanfor budsjettrammene som t.d. å endre innhald i det kommunale tenestetilbodet.

Andre tertial er no passert og rådmannen blir invitert for å orientere om den økonomiske situasjonen i Midsund kommune.

Harald Rogne
dagleg leiar

# •Midsund kommune



# Økonomirapportering
# 1. tertial 2012

## *Rekneskap per 30. april 2012*

I forskrift om budsjett § 10 om budsjettstyring, er det eit krav om at det gjennom året blir lagt fram rapportar for kommunestyret som viser utviklinga i høve til vedteke budsjett. Omgrepa gjennom året og rapportar angir at slik rapportering skal skje med jamne mellomrom, og minimum to gongar per år. Midsund kommune legg opp til tertialrapportering.

**Budsjett er gitt med netto driftsrammer per hovudansvar og netto investeringsrammer per prosjekt.**

Om det ligg føre rimeleg grunn til å tru at det kan oppstå nemneverdige avvik i høve til vedteke eller regulert budsjett, er det eit krav om forslag til tiltak. Med tiltak blir det ikkje berre sikta til justeringar i dei oppførte inntekter og løyvingar som må til for å sikre kravet til balanse i budsjettet, men også til tiltak innanfor rammene, som justeringar av måltal, tenesteinnhald og liknande.

Rådmannen har innhenta informasjon frå einingsleiarane om forventningar til tenester og kostnader sett opp i mot tildelt ramme for 2012. Fleire einingar varslar om nye lovpålagte tiltak som må settast i gang og behov for auke i budsjettrammer. Dersom vedteken netto driftsramme på hovudansvara må endrast skal rådmannen legge fram eigne saker om dette til kommunestyret.

**Forpliktande plan for økonomiforvaltninga i Midsund** vart vedteken i kommunestyret 22. mars i år med moa følgjande prioriteringar for 2012;

- Nye budsjett og økonomireglement – skulle vedtakast i vår, men utsettast til hausten
- Økonomisk rapportering og kontroll – Rådmannen har stor fokus på budsjettsituasjonen og den økonomiske utviklinga i einingane og for kommunen samla på alle leiarmøter. Rådmannen orienterer formannskapet jamleg og den økonomiske utviklinga i kommunen. Særleg fokus på lønnskostnader i forhold til budsjett og sjukefrævar.
- Alle nye tiltak skal meldast til rådmannen. Det kjem no fleire saker om nye tiltak (med rett etter lovheimel) som har økonomiske konsekvensar for kommunen. Rådmannen vil gjere grundige vurderingar av mogelege løysingar både med tanke på omfang av tiltak og økonomien tilleggas stor vekt.
- Effektivisering og rasjonalisering av tenestene:..........Kva gjer/har rådmannen gjort?
- Utgreiing av egedomsskatt:.........
- I budsjettgrunnlag 2013 frå rådmannen skal det avsetjast minst 2 million kroner til å dekkje uforesette utgifter

Dersom vi får gjennomført tiltaka etter plana vil det kunne gi oss auke i skjønnsmidlane frå Fylkesmannen.

# Oppsummering - drift

- Manglar avklaring på skjønnsmidlar/auke i rammeoverføringane, budsjettert 2 million kroner
- Budsjettert avsetning på 0.9 million kroner til dekning av rest underskot frå 2008 foreslår rådmannen at vi sett av til disposisjonsfond. Eiga budsjettendring.
- Det er ikkje grunnlag for å forvente meirkostnadar innanfor finansområdet. Vi må sjå samla på renter, rentekompensasjon Husbanken og kalk renter var. Lågt rentenivå gir også lågare kompensasjon
- Det ser ut til at drifta i einingane med sine rammer på om lag 110 million kroner i all hovudsak går i balanse. Pr 30.04 ser dette bra ut. Utfordringane har vi frå hausten.
- Det er meldt inn fleire nye tiltak med auka kostnader for kommunen der einingane ikkje ser at desse kan dekkast innanfor vedteken ramme. Det er så langt meldt tiltak til ein kostnad på 1.5 million kroner.
- I tillegg har nokre einingsleiarar varsla at dei av ulike årsaker ikkje ser at dei greier å halde ramma for si eining. Dette utgjer 0.5 million kroner

Skal vi komme i balanse for 2012 må vi få forventa budsjetterte meirinntekter på skatt/ramme på 2 millionar kr.

Det kjem eiga sak om budsjettjusteringar + eigne saker der det vert bede om auka budsjettrammer. Til saman utgjer dette om lag det vi har til disposisjonsfond. Her er ikkje rom for fleire ekstraløyvingar. Held ikkje føresetnaden om ekstra skjønnsmidlar/ auka rammer kan vi styre mot underskot. Andre tiltak som er varsla må dekkjast innafor vedtekne rammer.

# Oppsummering - investering

Investeringsbudsjettet for 2011 er på 21,7 mill kroner og momskompensasjon er kalkulert til om lag 3 million kroner. I 2012 skal minst 60 % av kompensert moms førast over til investeringsrekneskapen og vere med å finansiere årets investeringar. Vi har budsjettert med 100 % overføring.

Bygginga av Myratun har starta. Det er budsjettert med å bruke 5 million kroner inkludert moms på prosjektet i 2012.

Det blir lagt forslag om investeringsbudsjett på prosjekta Gjerdet barnehage med 1.3 million kroner og Otrøy kyrkje- ny luftfuktar med kr 125.000,-. Begge prosjekta var vedtekne og finansiert i 2011 men vart ikkje ferdige.

Det er ikkje meldt om større avvik per 1. tertial

# Nærare om forventningar for drifta i 2012

## Skatt og rammetilskott

| | Regnskap jan-april 2012 | Ks-modell nr 3a 18. mai 2012 | Budsjett 2012 |
|---|---|---|---|
| Skatt på inntekt og formue | 13 820 086 | 41 369 000 | 40 450 000 |
| Ordinært rammetilskudd | 27 042 542 | 71 952 000 | 72 300 000 |
| forventa auke i skjønnsmidlar | | | 2 000 000 |
| **Sum skatt og rammetilskot** | **40 862 628** | **113 321 000** | **114 750 000** |

KS sin siste prognosemodell nr 3a /2012.

**Budsjett 114.8 million kroner:** Vi må avvente svar frå Fylkesmannen på om vi får slik budsjettert ekstra skjønnsmidlar for 2012. Det er budsjettert med 2 million kroner samla i auka overføringar.

Det kjem nye prognosar på skatteinngangen til kommunane og for Midsund er det rekna med at vi kanskje kan få Ca 0,5 million kroner. Det ser og ut til at vi får kr 60 000,- meir i rammeoverføringar vedkommande auke i behov for nye barnehageplassar som følgje av endring i kontantstøtteordninga. Ved rapportering 2. tertial reknar vi med at vi har ei avklaring på det ekstra med skjønnsmidlar 2012.

*Sjå og eigen tabell vedlegg 4*

## Andre generelle statstilskott

| | Regnskap jan-april 2012 | Regulert Budsjett 2012 |
|---|---|---|
| Andre generelle statstilskudd | 425 378 | 1 300 000 |

Frå og med 2011 er det i hovudsak rente- og avdragskompensasjon frå Husbanken som står i gruppa andre statstilskot. Rentekompensasjon på lån til bygging sjukeheimplassar, omsorgsbustader og skule. Lågare rentenivå enn budsjettert gir og lågare kompensasjon.

## Finans

| | Regnskap jan-april 2012 | Regulert Budsjett 2012 |
|---|---|---|
| Renteinntekter og utbytte | 716 456 | 1 150 000 |
| Renteutg.,provisjoner og andre fin.ı | 837 595 | 4 700 000 |
| Avdrag på lån | 812 795 | 4 700 000 |
| **Netto finansinnt./utg.** | **-933 934** | **-8 250 000** |

**Netto budsjett 8.25 million kroner:** Lågt rentenivå fram til medio mai er svært positivt for oss.

- 3 md. Nibor +0,1 % margin var (effektiv) på lån i Kommunalbanken 2,4 % per 16. mai 2012.
- Avdrag reknast etter krava til minimumsavdrag (forenkla modell). Avdrag er ikkje fullt ut periodisert med 1/3 på 1 tertial.
- Med låge lånerenter fram til medio mai er det per i dag ikkje grunnlag for å forvente at kommunen sine netto finanskostnader kjem til og vere høgare enn budsjettert.
- For å kunne fastslå nærare eit eventuelt mindreforbruk vil rådmannen følgje utviklinga i renter fram til 2. tertial 2012.

## Likviditet

Likviditeten er god og rådmannen vurderer likviditeten som innanfor lov og reglement

Sjå og finansrapport per 30. april 2012.

## Dekning av tidlegare års meirforbruk budsjettert med 0,9 million kroner

Vi greidde å dekke inn rest underskot frå 2008 i 2011. Vi treng derfor ikkje eiga avsetning i 2012. Rådmannen legg fram (eiga sak) forslag til budsjettendring og med ei tilsvarande auke i avsetning til disposisjonsfond.

## Fond - avsetning til disposisjonsfond

Det er i budsjett 2012 vedteke å sette av 0,9 million kroner til disp fond

Budsjettert avsetning til disposisjonsfond kjem inn under strykingsreglane dersom kommunen får eit rekneskapsmessig meirforbruk.

### Momskompensasjon frå årets investeringar/overføring til investeringsrekneskapen

| | Regnskap jan-april 2012 | Budsjett 2012 |
|---|---|---|
| Kompensasjon moms påløpt i investering | -123 | -3 050 |
| Overføring til investeringsrekneskapet | - | 3 050 |

- For 2012 skal vi minimum føre tilbake til investeringsrekneskapen 60 % av motteken momskompensasjon frå årets investeringar. Tilsvarande er maksimal bruk i drift 40 %.
- Momskompensasjon og overføring til investering er ikkje fullt ut periodisert for 1.tertial pt

# Nærare om lønn og sjukefråvær per 30. april 2012

## Om forventa lønnsutvikling

Midsund kommune budsjetterte med nesten 100 million kroner til i lønn og sosiale kostnader for 2012. Lønnsveksten for 2012 er kalkulert til 4 % (4 million kroner). Berekning av samla lønnsvekst i 2012 i kommunal sektor får vi først når årets lønnsoppgjer er ferdig.

## Lønn per art

| Lønn og sosiale kostnader per 1 tertial 2012 | Regnskap jan-april 2012 | Budsjett jan-april 2012 | Budsjett 2012 | Regnskap jan-april 2011 | Budsjett jan-april 2011 | Budsjett 2011 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Fast løn | 24 111 | 22 282 | 62 242 | 24 047 | 22 609 | 63 154 |
| Avtalefesta tillegg | 1 939 | 1 987 | 5 550 | 1 988 | 2 059 | 5 751 |
| Vikarar | 1 541 | 1 142 | 3 189 | 1 148 | 1 145 | 3 199 |
| Ekstrahjelp | 131 | 230 | 643 | 426 | 242 | 677 |
| Overtid | 251 | 212 | 591 | 176 | 208 | 581 |
| Anna løn, trekkpl.godtgj. | 396 | 474 | 1 325 | 272 | 289 | 807 |
| Lønn vedlikehold nybygg nyanlegg | 607 | 625 | 1 745 | 595 | 690 | 1 926 |
| Overtid vedlikehold | 14 | 11 | 32 | 12 | 10 | 27 |
| Godtgjering folkevalde | 221 | 340 | 949 | 108 | 273 | 762 |
| Trekkpl./oppg.pliktig lønn | 66 | 82 | 230 | 105 | - | - |
| KLP | 2 760 | 3 011 | 8 411 | 2 652 | 2 985 | 8 337 |
| STP | 669 | 747 | 2 087 | 650 | 636 | 1 776 |
| Personforsikringar | 49 | 74 | 207 | 49 | 60 | 167 |
| OU-midler ( fordeles per 31.12.) | - | 31 | 87 | - | 31 | 87 |
| Arbeidsgjevaravgift | 3 856 | 4 408 | 12 313 | 3 746 | 4 372 | 12 211 |
| **sum** | **36 611** | **35 656** | **99 598** | **35 974** | **35 607** | **99 462** |
| Refusjon sjukeløn | -1 660 | - | - | -1 460 | - | - |
| **netto lønn januar-april** | **34 951** | **35 656** | **99 598** | **34 514** | **35 607** | **99 462** |
| **% forbruk av årsbudsjett** | **35,1 %** | **35,8 %** | **100 %** | **34,7 %** | **35,8 %** | **100 %** |

*refusjon sjukelønn jan-april 2012

**Samla lønnskostnadar for alle einingane er per 1. tertial på nesten 35 mill.**

**Totalt forbruk av lønnsbudsjett er på 35,1 % og er innafor forventa normalforbruk på 35,8 % når vi ser alle einingar samla.**

## Lønn per hovudansvar per 30. april 2012

| Lønn 1. tertial 2012 per hovedansvar (i hele tusen) | Regnskap 1. tertial 2012 | Periode-budsjett 2012 | Budsjett 2012 | % Forbruk budsjett 2012 |
|---|---|---|---|---|
| 100 Politikk og revisjon | 249 | 461 | 1 290 | 19,3 % |
| 110 Administrasjon og fellesut | 2 071 | 2 130 | 5 952 | 34,8 % |
| | | | | |
| 200 Oppvekst og kultur | 196 | 184 | 515 | 38,1 % |
| 210 Vaksenoppl, PPT og spesialsk | 547 | 584 | 1 633 | 33,5 % |
| 220 Midsund skule | 5 014 | 4 945 | 13 815 | 36,3 % |
| 230 Raknes skule og SFO | 2 140 | 2 133 | 5 960 | 35,9 % |
| 250 Midsund kulturskule | 498 | 491 | 1 372 | 36,3 % |
| 260 Midsund barnehage | 1 970 | 1 948 | 5 444 | 36,2 % |
| 270 Nord-Heggdal barnehage | 360 | 502 | 1 405 | 25,6 % |
| 280 Gjerdet barnehage | 2 390 | 2 500 | 6 986 | 34,2 % |
| 290 Familiebarnehage | 6 | | | |
| | | | | |
| 300 Helse- og omsorg admin | 251 | 270 | 755 | 33,2 % |
| 310 Helsetenester | 1 248 | 1 311 | 3 664 | 34,1 % |
| 320 Midsund sjukeheim | 6 872 | 6 691 | 18 691 | 36,8 % |
| 330 Heimetenesta | 3 206 | 3 148 | 8 796 | 36,4 % |
| 340 Butenesta | 4 501 | 4 574 | 12 779 | 35,2 % |
| 360 NAV, sosialtenesta | 283 | 306 | 856 | 33,1 % |
| | | | | |
| 400 Teknisk admin og fellesutg | 1 415 | 1 447 | 4 042 | 35,0 % |
| 410 Eigedomsforvaltning | 1 185 | 1 510 | 4 220 | 28,1 % |
| 420 Kommunale utleigebustader | | | | |
| 440 Brann- og oljevern | 376 | 352 | 983 | 38,3 % |
| 450 Kommunale vegar, samferd | 19 | 24 | 69 | 27,5 % |
| 500 VAR | 145 | 132 | 371 | 39,1 % |
| | | | | |
| | **34 951** | **35 643** | **99 598** | **35,1 %** |

* Totalt forbruk 35,1 %, forventa normalforbruk på 35,8 %.

## Pensjon:

Gjennom året skjer det avsetting av pensjonsutgifter ved kvar lønnskjøring.

